



RIKSARKIVAREN

ÅRSMELDING
FOR
ARKIVVERKET

2004



Redaksjon:
Margaret S. Aarsæther

Omslagsside:
Statsråd Valgerd Svarstad Haugland avduka i 2004
eit diplom som blei overrekt Statsarkivet i Bergen
frå UNESCO i samband med at Lepraarkiva i
Bergen kom inn på UNESCO si liste Memory of
the World i juni 2001.
Foto: Tove Guldbrandsen.

Design og produksjon:
Lobo Media AS



Riksarkivarens forord

Året 2004 har i stor grad vore prega av at Arkivverket som etat var 100 år 25. mars. I meldingsåret vart det derfor gjennomført fleire tiltak som tok sikte på både å styrke etaten fagleg, auke formidlingsinnslaget og skape gode sosiale rammer for dei tilsette. Kulturministeren, statsråd Valgerd Svarstad Haugland, gjesta Riksarkivbygningen under jubileumsarrangementet 25. mars. Då vart også dei to første bøkene i den nye serien *Dokumentene forteller* presenterte. Som ledd i jubileumsmarkeringa la statsråden òg ned grunnsteinen til det nye administrasjons- og publikumsbygget 29. september. Det nye tilbygget vil gje både tilsette og brukarar av Riksarkivbygningen nye moglegheter for fagleg og sosial aktivitet når det står ferdig i 2005. Jubileumsmarkeringa vart avslutta med eit stort etatsseminar i Oslo 28.-29. oktober. I samband med seminaret vart den nye felleskatalogen for Arkivverket på Internett opna.

Under jubileumsmiddagen for alle tilsette og pensjonistar 29. oktober framførte Lars Kalvik, sekretær ved Statsarkivet i Oslo, sin eigen prolog:




*V*i skal feire vår etat i dag,
og som seg hør og bør
i slike store jubileumsdag,
minnes de som var her før,
som i litt beskjedne kår
uten stas og glorie
igjennom hundre år
forvaltet vår historie.

Hva er nå et arkiv?
Glemte ord på tørt papir?
Nei, minner om et liv
og alt som dette gir.
Dype sorgers smerte,
ord om både hån og heder.
Rop i fra et ensomt hjerte
eller lyse tiders glede.

Ja, i gamle folianter
med sirlig skrift er skrevet
historien om folk og fanter
og det liv som er blitt levet.
Bonden stolte på sitt bondevett,
sterk, stolt og egenrådig.
Embetsmannen med maktens rett
var ham ikke nådig.

De høytidelige laugrettemenn
sa sine dømmende ord.
Skriveren dyppet sin penn,
skrev om gapestokk for hor.
Slik var samfunnets strenge krav
en gang i fjerne tider.
Det står en kulde fra hver bokstav
på tingbokens gulnede sider.



*Den som er blitt såret her i livet,
møtt med kulde og forakt,
han kan finne i arkivet
vitnesbyrd om misbrukt makt.*

*Vi skal aldri glemme
urett eller tvang,
for de svakes stemme
skal bli hørt en gang.*

*Er det store ord? Javel,
men se det som vår styrke,
og så minnes vi i kveld
målet for vårt yrke.
Målet er jo å bevare
hva som siden hentes frem,
noen ser det som en fare,
vi skal alltid mistro dem.*

*For idéen skal forsvares,
den arkivet bygger på,
dokumenter skal bevares
for at folket skal forstå
hva som er og engang var
og som ikke skal gå tapt.
For å gi oss rette svar
er arkivene blitt skapt.*

Ved eit jubileum er det god grunn til å takke alle dei gode krefter som har vore med å byggje Arkivverket gjennom lang tid. Riksarkivaren står såleis i takksemd til mange både i og utanfor etaten. Ikkje minst står dagens riksarkivar i takksemd til tidlegare riksarkivarar som under ulike tilhøve har gjort så godt dei kunne for å bevare arkiv og gjere Arkivverket til reiskap for ein god nasjonal arkivpolitikk. I dette perspektivet har vi grunn til å gle oss over at Regjeringa, etter oppmoding frå Sametinget og med tilslutning av Stortinget, ved utgangen av jubileumsåret overførte Samisk Arkiv i Kautokeino til Arkivverket som ein egen institusjon under Riksarkivaren.



S. Christian den 3^e tierde / me

marchis / Norgis / Wendis / Gottis Konning /
oc Dittmerseen / Bressue odi Oldenborg oc Delmenhorst / etc.
hed gaffuer tilkiende / At nogle himmelige Konfier / Som er Sig
sejgten / Visse Dagers odi Vgen vduelche etc. fast gaar i suang / oe
ge / At de formenis at komme Mennisen / oc See til gaffin et helb
vanbrugis nogle fermente Guds Ord / Manjeet at saadanit Kon
Som de Mennisterne fra Gud oc aff hamten tilforordnede Naturlige hielp et Medicin /
del hen vender et bortforer : Ocede foruden vest idis foruenfnde Konfier fast at vore
et wlyckelig idret / Et ret Ophoff et Begyndelse. Da paa det saadan Guds fortorne
lis et forekommis / Haffuer Wi Modigst varet foraarsaget at tancke paa alluorlige
Eskelige Vore Rigis Raad saaledis herom determineret et forordnit / Saa et herinet
denne Dag besfundis odi foeneffnde Konfier kyndige et forfarne at vore / et dennem offue
et straffis / ester som aff Oss et Oss Eskelige Vore Rigens Raad offuer dennem tient o
haffue forbruer deris Vorslot / Derimme alle Vore Rigerr / Lande et Forsciendomme /
ris Raad et Daad til sig eller sine bruge eller bruge lader / Etal forsi gang / om de ere a
til nesi liggendis Hospitalet Tzjunde Daller : De andre skulle i lige maader siga aaben
gangen saa frembi nogen befindis i samme jorfecelse / Da skulle de ihuad de ere vo
Met dennem som Konfierne offue et der forfue ere : Hvis rett langet
met hamnen omgais / met dennem / al forholdis ester Louen et Reessen / Meden des
domb noget sig onderstaar at lade forrette / Stal straffis paa deris Hals oden ald Naade
et forordning / Gad til ore / dis b'dre kand esterkommis / Da biunde Wi et herinet si
Ridderstab / Saa et Bisper / Provisier / Praester / Borgemesier / Raadmand / Jouad
ling / At de en huer ester sin Condit on sirat de derom videndis vorder / alle dennem /
tilstaller et stroffelader / Saa frembi de self derfore ict vil stante off til Rette / som de ja
tocke. Giffuet paa Vort Slot Klobenhauzen / den 12. Octoberis, Anno 1617. Under

Christian.

Formål og målsetjingar

Arkivverket består av Riksarkivet og åtte statsarkiv.

Dei viktigaste oppgåvene til Arkivverket er

- å ta vare på arkivsaker frå statlege verksemder
- å gjere materialet tilgjengeleg for bruk
- å føre tilsyn med arbeidet i staten, fylkeskommunane og kommunane
- å medverka til bevaring av privatarkiv

Riksarkivet og statsarkiva er derfor både forvaltningsorgan og vitskapleg baserte kulturarvinstitusjonar.

Riksarkivet har ansvaret for arkiva etter sentraladministrasjonen og andre landsomfemnande embete og institusjonar, mens statsarkiva har ansvaret for arkiva etter lokale og regionale stat-

lege institusjonar. Det er statsarkiv i Oslo, Hamar, Kongsberg, Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø.

Både Riksarkivet og statsarkiva oppbevarer mange private arkiv - etter bedrifter, organisasjoner og einskildpersonar. Kommunar og fylkeskommunar tar vare på arkiva sine sjølve.

I det praktiske arbeidet baserer Arkivverket seg på planer for verksemda for kvar einskild institusjon og avdeling, og på arbeidsplanar for den einskilde medarbeidar - basert på strategiplanen til etaten.

Arkivverkets arbeid er forankra i arkivlova - Lov om arkiv 4.12.1992. Det interdepartementale arbeidet med føresegne til lova vart avslutta i 1998. Lova med føresegne vart sett i verk i 1999.



Kongeleg forordning frå København 12. oktober 1617. Dei som direkte eller indirekte hadde med djævelen å gjere skulle "straffes paa deres Hals uden all Naade". Frå Dokumentene forteller, Statsarkivet i Stavanger.

Organisasjon, budsjett og personale

Arkivverket er ein etat under Kultur- og kirkedepartementet. Etaten består av Riksarkivet og statsarkiva, som alle er eigne institusjonar. Riksarkivaren er sjef for Riksarkivet og samtidig leiar for Arkivverket. Løyvingane frå Stortinget over statsbudsjettet skjer samla til heile etaten. Riksarkivaren fordeler budsjettmidla mellom institusjonane.

Arkivverket sitt samla budsjett for 2004 var 177,3 millioner kroner. Av dette gjekk 82,1 til lønningar og 95,2 millioner til drifta. Arkivmagasin og lesesalar utgjør omtrent to

tredealar av arealet. Difor må etaten bruke nærare 75 % av midlane som er sett av til drifta til husleige, drift og sikring av lokala. Dette er vesentleg meir enn det som er vanleg for ei statleg verksemd av tilsvarande storleik. Dette vil i praksis seia at over 90 prosent av løyvingane etaten får er bunde til faste utgifter. Resultatet er ein mindre smidig styring av etaten enn det som hadde vore ynskjeleg.

Talet på årsverk i faste stillingar i Arkivverket var 200 i 2004. Av desse var 91,9 i Riksarkivet og 108,1 i statsarkiva.

Bygningar og plassbehov

Riksarkivarens hovudmålsetjing sidan 1980-åra har vore å utvide magasinkapasiteten planmessig i alle institusjonane i etaten. Ein slik politikk skal sikre avleveringar og bevaring av offentleg og privat arkivmateriale for framtida. Den omfattande og raske omorganiseringa av statlege etatar fører til at desse har behov for å avlevere arkiv som etaten normalt ikkje har rekna med å ta imot på kort sikt. Magasinkapasiteten i Riksarkivbygningen vert brukt opp i 2006 dersom avleveringane held fram på samme nivå som i dei siste åra. Difor er ei utviding av kapasiteten under planlegging. Går alt etter planen vil

ein ny magasinhall stå klar til bruk i 2008.

I Trondheim skal det byggast nytt statsarkiv i tilknyting til utbåtbunkeren Dora 1 i Nyhavna. Bygget skal stå ferdig hausten 2006. Førebuande arbeid som skal auka magasinkapasiteten ved statsarkiva i Bergen, Hamar og Kristiansand haldt fram. I Hamar og Kristiansand er det planar om samlokalisering med andre arkivinstitusjonar.

I Oslo pågår utbygging av publikumsareala i Riksarkivbygningen. Innflytting i tilbygget skjer hausten 2005.

Dokumentene forteller

Jubileumsbok i ni bind. Ikkje meir, ikkje mindre. Eitt bind for kvar institusjon i Arkivverket. Kvart bind med si eiga målgruppe, med utgangspunkt i historier og arkivmaterialet frå distriktet. 26 dokument i kvart bind, frå ulike samfunnsmiljø, ulike årstal, og ulike hundreår, som fortel sine eigne historier.

Dokumentene forteller er tittelen på bøkene. I jubileumsåret kom det ut fire, frå statsarkiva i Oslo,

Bergen, Kristiansand og Stavanger. Kvar av bøkene fortel sine 26 historier, illustrert av dei sentrale dokumenta som historiene er henta frå. Eksempel frå bøkene finn du her i årsmeldinga. Vil du sjå meir er bøkene til salgs i dei respektive statsarkiva - dei koster kr. 70. I 2005 kjem bøkene frå Riksarkivet og statsarkiva i Tromsø, Trondheim, Hamar og Kongsberg.

Arkivlov og arkivføresegner

Etaten har erfart at det er krevjande å forvalte eit regelverk med basis i lov og forskrift. Særleg er det eit krevjande og omfattande arbeid å greia ut det som i høve til Arkivlova kan kallast gråsoner. Jamvel om forvaltninga viser større vilje til å retta opp påtalte veikskapar no enn tidlegare, er det krevjande å følgje opp pålegg og tilrådingar. Omstilling og mangefull konsekvensutgreiing av reformar i offentleg forvaltning er eit aukande trugsmål mot bevaringa av arkiv. Det same kan seiast om utviklinga av nye samarbeidsreformer på tvers av forvaltningsnivå. Desse er ofte kjennteikna av at leiinga ikkje set av nok midlar til å overhalde krav i arkivlova til god arkivforvalting.

Regjeringa sette i 2004 ned eit offentleg utval som skal greie ut konsekvensane sjukehusreforma har for arkiva. Avdelingsdirektør Ivar Fonnes vart oppnemnd som leiar av utvalet.

Etaten har fullført arbeidet med å utvikle test- og leseverkty for avleveringsuttrekks frå Noark-4-systemer. Det gjenstår å utvikle funksjonalteten slik at uttrekka vert praktisk tilgjengelege for bruk.

Arkivforskrifta slår fast at organ som deponerer arkivuttrekks frå journalsystem, sjølv har ansvaret for å halda desse systema tilgjengelege for praktisk bruk inntil avlevering finn stad når materialet er 25-30 år gamalt. System med

tilknytte elektroniske saksdokument representerer ei stor utfordring for arkivskaparar.

Utgreiinga om felles løysingar for lagring og tilgjengeleggjering av elektroniske saksdokument (Statskonsult, Notat 2002:11) tilrådde at Arkivverket vert sett i stand til å tilby ei felles-teneste for mellomlangsiktig lagring av saks-dokument basert på funksjonaliteten i Noark-4. Riksarkivaren veit framleis ikkje om regjeringa har tatt standpunkt til desse tilrådingane.

Dei tilsette i Arkivverket har tatt initiativ til og vore med på mange seminar, møter og kurs om arkivlova og arkivforskrifta. Desse tiltaka har først og fremst vore retta mot den statlege forvaltinga, men vi har også gjeve råd til kommunal og privat sektor. Etaten opplever framleis stor pågang frå institusjonar og personar som ynskjer at folk frå etaten skal halde foredrag og kurs. Særleg er foredrag om elektronisk arkiv etter-spurt. Etatar under omstilling er blant dei som ynskjer foredrag frå dei tilsette i Arkivverket. Difor har etaten drive ei omfattande opplæring av interne medarbeidarar i slike tema.

Etaten har lagt til rette for at Samisk Arkiv i Kautokeino vert overført til Arkivverket frå 1. januar 2005. Dette første også til at etaten sette i gang arbeidet med å omsetje arkivlova og arkivforskrifta til samisk.

Felleskatalogen for Arkivverket

Arbeidet med ein felles katalog for heile Arkivverket som skulle være tilgjengeleg på nettsidene til etaten starta som eit prosjekt i 2003. Felles-katalogen vart "opna" allereie i oktober 2004, som ein del av 100-årsmerkinga til etaten.

Prosjektet *Felleskatalogen for Arkivverket* hadde to hovuddelar:

- Gjera greie for alt materiale som er avlevert til Arkivverket og kvar det kjem frå
- Standardisere arkivskildringane

Behova til brukarane har stått sentralt i arbeidet med Felleskatalogen for Arkivverket. At arkiv frå alle institusjonane i heile landet kan søkast fram i ein felles katalog gjev ein unik inngang til alt arkivmaterialet etaten har i sine lokale. Kvar einskild brukar får høve til enkelt å søkje fram informasjon som er relevant for dei problemstillingar han eller ho arbeider med, ut frå skildringa av arkivet vurdere kor relevant det er, og finne ut i kva for institusjon materialet vert oppbevart. Dersom arkivstykka er spesifiserte i katalogen, kan brukaren på førehand tinge arkivsaker til bruk på lesesalen. Sjå <http://www.arkivverket.no/felleskatalogen/>



Arkivverket og arkivskaparane

Alle organ som produserer arkiv i verksemda si er arkivskaparar. Riksarkivet og statsarkiva bruker store ressurser til å rettleie og inspirere offentlege arkivskaparar og å lage standardar og retningsliner for organiseringa av arkiva.

Etaten inspirerer offentlege arkivskaparar og besøkjer viktige private arkivskaparar mellom anna for å stimulere til bevaring av arkiv. Totalt utførte etaten i overkant av 1 200 inspeksjonar, rettleiingar og kurstiltak. Desse tala kan ikkje samanliknast med tal frå tidlegare år fordi inspeksjonsverksemda vart lagt om i løpet av meldingsåret. I løpet av året gjennomførte vi ei rekke presentasjonar og opplæringstiltak om elektroniske arkiv. Vi starta også arbeidet med å utforme generelle rettleiingar og anna informasjonsmateriell som kan redusere behovet for individuelt retta tiltak.

I 2004 avslutta vi fire prosjekt som var sett i gang for å utforme planer for bevaring av elektroniske arkivmateriale i samla statsetatar: Trygdeetaten, Domstolane, Tolletaten og Helseetaten inkludert statlege sjukehus. No står det att å utforme endelege vedtak om bevaring for sju avslutta prosjekt.

Riksarkivaren oppnemnde i november 2004 fylkeskoordinerande institusjonar for arbeidet med privatarkiv i alle fylka. Dette er utgangspunkt for vidare utvikling av eit fagleg og institusjonelt nettverk. Eit samarbeid med desse og andre bevaringsinstitusjonar tar sikte på avtalar om arbeidsdeling og samordning på regionalt og nasjonalt nivå. Hovudutfordringa i arbeidet med privatarkiv er å kome i gang med systematisk bevaring av elektroniske privatarkiv. Eit prosjekt retta mot eit utval av arkivskaparar og tiltak for intern kompetanseoppbygging vart gjennomført. Endeleg rapport ligg føre i første kvartal 2005.

Etaten har ikkje hatt ressursar til å arbeide med nye interkommunale ordningar (IKA-er) for kommunale arkiv. Det er framleis Riksarkivaren sin langsigte strategi å dekke heile landet med slike ordningar. Vi vil også stimulere til at desse utviklar seg til gode depotinstitusjonar for medlemskommunane der tilhøva ligg til rette for det.

I samarbeid med leverandørar og gjennom andre aktivitetar førebudde etaten eit prosjekt for å spesifisere versjon 5 av Noark-standarden.

Avleveringar: 5 000 meter nye arkiv

Når arkivmaterialet kjem til Riksarkivet og statsarkiva, skal det som hovudregel ha gått ut av dagleg, administrativ bruk. Berre det som har kulturell og forskningsmessig verdi, eller som framleis kan dekkje eit dokumentasjonsbehov for einskildpersonar, forvalting og rettsvesen, vert tatt vare på for framtida. For å kunne tene desse formåla må arkiva ordnast og katalogiserast, og dei må haldast vedlike reint fysisk.

Omfanget av ordinære arkiv vert målt i hyllemeter. Arkivverket mottok omtrent 5 000 hyllemeter nye statlege arkiv og i underkant av 1 175 hyllemeter privatarkiv. Samla arkivmengde i

etaten er med dette oppe i nærare 180 000 hyllemeter.

Etaten har tidlegare rekna med at avleveringane må vera på rundt 6 000 hyllemeter årleg om avleveringsetterslepet ikkje skal auka. Dersom det skal avviklast innan 2025 må avleveringane vera på rundt 7 500 hyllemeter årleg. Netto avleveringsetterslep er truleg nærmare 50 000 hyllemeter. Knapp depotkapasitet i fleire institusjonar fører til at talet kan kome til å auka dei nærmaste åra dersom ikkje planlagde byggeprosjekt vert realiserte i ynskt tempo.

Arkiv i orden og uorden

Internett har gjeve etaten nye måtar å nå publikum - og publikum betre høve til å kome i kontakt med etaten. Felleskatalogen for Arkivverket var ein av hovudprioriteringane i 2004.

Samkatalogen for privatarkiv importerte informasjon om 5 563 arkiv frå 17 institusjonar i løpet av året og er no oppe i eit samla tal på 12 114. I alt 40 institusjonar frå alle landets fylke er representerte i samkatalogen.

Når Arkivverket tar imot arkiv som er modne for avlevering frå dei organa som skaper arkiva vert arkivet lettare tilgjengeleg for publikum. Arkiv vert også lettare tilgjengelege gjennom ei rekke ordningsprosjekt, og gjennom førebuing og framstilling av katalogar. Ordningsprosjekta

vert gjennomførte både med eigne ressursar og ved at etaten får tilført midlar frå avleverande verksemnd. Riksarkivaren stiller relativt strenge krav til ordning før den einskilde institusjonen i Arkivverket formelt godkjener ei avlevering. Arkivordningstjenesta Asta-stiftelsen tilbyr offentlege arkivskaparar har resultert i betre avleveringar og redusert ordningsetterslep.

Etaten har knapt 180 000 hyllemeter tilgjengeleg arkivmengde. Nærare 12 000 hyllemeter er vanskeleg tilgjengeleg. Dette er arkiv som ikkje er ferdig katalogisert. I høve til tidlegare år er dette ei auke. Auken skuldast ei revurdering av tidlegare ordningsgrad og arkivmengd i Riksarkivet.

Ordna og avleverte arkiv i 2004

Arkivverket mottar og ordnar monalege mengder arkiv i løpet av eit år. Statsarkivet i Bergen kan tene som eit eksempel på kva eit statsarkiv mottok og ordna i 2004. Samla tilvekst var 292 hyllemeter. Manglande hyllelass har ført til at fleire store avleveringar vart utsette, men fleire viktige avleveringar vart likevel tatt i mot. I 2004 var det avleveringane i samband med omorganiseringa av tingrettane, og avlevering av materiale frå NHO Bergen og Hordaland som er det er verdt å nemne spesielt. Arkivet til NHO er viktig, fordi dei eldre delane av arkivet til NHO sentralt er tapt.

Tingretten i Nordfjord vart lagt ned ved utgangen av 2004, 413 år etter at embetet vart oppretta. Det var med stor sorg materialet vart pakka ned og sendt til Bergen.

Eit utval av arkiva som vart ordna i Riksarkivet var

- Sosialdepartementet. 1.sosialkontor A
- Sosialdepartementet. Helsedirektoratet. Apotekkontoret H7
- Postsparebanken. Samlekatalog over ymse kontor
- Posten. Samlekatalog over ymse kontor
- Postens datasentral revidert utgåve
- Postgiro. Samlekatalog over ymse kontor

Blant avleveringar til Riksarkivet var:

- Kystdirektoratet
- NRK fjernsynet
- NRK Sentralarkivet
- Postgiro (fleire arkiv)
- Postverket (fleire arkiv)
- Statens edruskapsdirektorat
- Statsbygg. Dokumentasjon for det Kongelige Slott
- Statskonsult/Statens rasjonaliseringsdirektorat
- Telverkets fotosamling

Arkivsystemet Asta

Asta er eit arkivinformasjonssystem som vert nytta av dei fleste arkivinstitusjonane i og utanfor Arkivverket. Utvikling og drift skjer i eit samarbeid mellom Arkivverket og Landslaget for lokal- og privatarkiv (LLP). Systemet gjer at publikum lettare får tilgang til arkivinformasjon i

og utanfor Arkivverket og andre institusjonar som tar vare på arkiv. Ei vidareutvikling av systemet er i gang, og i 2004 var ein testversjon av Nye Asta klar. ABM-utvikling har støtta utviklingsarbeidet med monalege midlar.





Kart over hovedpassasjen på austre og vestre side av Vorma i Eidsvoll sokn 1769. Kartet viser den gamle og den nye hovedvegen mellom Minnesund og Eidsvoll jernverk. Kartteksten er framleis lett å lese. Frå Dokumentene forteller, Statsarkivet i Oslo.

Førespurnader frå publikum

Publikumsbesøket på lesesalane held seg på eit jamt nivå i alle institusjonane. Unntaket i 2004 var Riksarkivbygningen. Grunna utbygging og ombygging av publikumsareala måtte lesesalen stenge i september 2004. Tenestene vart overførte til Byarkivet i Oslo, som tok hand om dei som kom for å få tilgang til arkiva til Riksarkivet eller Statsarkivet i Oslo. Deichmanske bibliotek

tok seg av gjester som skulle nytte seg av mikrofilmar. Det var likevel ikkje til å unngå at vi fekk ein nedgang i publikumsbesøk.

I tillegg til besøk på lesesal og internettenger tar etaten kvart år i mot 25 000 førespurnader per telefon. Andre vert ekspedert per brev.

Konsept til brev 28.3.1882 fra rikspolitikaren Søren Jaabæk til Bjørnstjerne Bjørnson. Han var republikanar og ønskte "en virkelig republikansk Sang i Folkemelodi ... noget højereliggende end egentlige Folkeviser; thi Folket skal høves".
Fra Dokumentene forteller, Statsarkivet i Kristiansand.

Dokumentene

Til B. B. 28 marts 1882

Jeg hørte Dine venskabslyste
og jeg berrojede Dine venskaber
ffælleslyde af mit hjerte.

Jeg har længe forestillet jer, at
vi ikke børde have en stats- og politi-
sk sang i Søderjylland ved til-
ladeude Fæstning, og en god højreliggende
og gunstige selskabslyde; thi Søder-
jylland har mange. Jeg, der er modstandsmand
i Helsingør, fandt en god sang i dette
land, men jeg vurderede den ikke godt
om, det var, at jeg, medmindre man
fandt en god sang i Danmark, og da jeg
længe vilde komme tilbage til Søderjylland
og få et land til mig, men langt
i Danmark kom jeg "Det Hærmede"
af M. H. Lauritsen. Men da Madsen
havde længstet over: "Det var en sang,
der jeg havde meget lilla", men i den
sistige sæsonen kom jeg, dog ikke i 1880
førstesiden, men ved en gæstgiveri i Falster-
bundet Søderjylland, bagom af jeg
hørte den 2. sangen kom "Længe",
men da den gav gæstgiveren, og da jeg
hørte jeg "Sangen". M. C. Petersen, der
i alle af dem sang: "Jeg hørte
på en sang", saa han da
gaat med en gæstgiveri om natten
på en gæstgiveri, og da jeg
kom tilbage, så jeg miste den, thi det komme nu
på en sang, der er repræsentativt til Søderjylland.



Mikrofilm

Det er eit stort behov for å mikrofilme materiale som er etterspurt eller i dårlig stand. I løpet av 50 år har vi filma 2 500 hylrometer av arkivmaterialet. Behovet for nye opptak er nærmere 8 000 hylrometer, noko som krev omtrent 200 årsverk. Seinare er det mogleg å digitalisere opptaka.

Riksarkivet gjorde 121 000 opptak i eigen regi i 2004. Mikrofilming av tingslysingsmaterialet

halldt fram ved Statsarkivet i Bergen. Resultatet var 142 000 opptak. Etaten kjøpte ein mikrofilmskannar hausten 2004 og kan endeleg starte digitaliseringa av kyrkjebøkene. Nærare 2 millioner biletar frå mikrofilm skal gjennom skannaren, for påfølgjande indeksering for framfinning og publikumsbruk blant anna på Internett. Vi håper at dei første resultata vil nå publikum i 2005.

Publikasjonar

Det kom ut fem publikasjonar i Riksarkivarens skriftserie i 2004. Fire av desse var ledd i jubileumsmarkering i etaten og representerer eit nytt formidlingstiltak: *Dokumentene forteller*. Desse fire bøkene presenterte statsarkiva i Oslo, Bergen, Stavanger og Kristiansand. I Riksarkivarens skriftserie nr. 14 kom også Ole Kolsrud: *En splintret stat* på Universitetsforlaget. Den inngår i det administrasjonshistoriske etatsprosjektet Administrasjon og arkiv 1814 - 1945. I serien Norge i 1743 kom bind to som dekker Akershus stift, Hedmark og Oppland. Katalogen over kjeldeutgåver og andre publikasjonar frå Riksarkivet, *Kilder til norsk språk og historie*, kom i ny utgåve. Både prosjektet Ny håndbok over

arkivmaterialet i statsarkiva og Håndbok i gotisk skrift 1600-1900 heldt fram. Den elektroniske versjonen av Regesta Norvegica I-VII vart gjort klar for utlegging i Digitalarkivet.

Utstillingsserien Månedens dokument kom i gang i 2002 og har halde fram sidan. I 2004 hadde dokumenta, med eitt unntak, tilknyting til ulike jubileum. Vi produserer utstillingsserien både for vising i Riksarkivet og på Internett. Riksarkivarens faglege informasjons- og formidlingsblad, Arkivmagasinet, kom som planlagt med tre nummer. Bergensposten kom ut med to nummer både som nettavis og i trykt utgave.

Jubileumsår

Arkivverket med sine ni institusjonar feira hundre år som etat med fleire faglege og sosiale markeringar. To andre, noko mindre merkedagar fekk også merksemd, om enn i mindre målestokk. Statsarkivet i Oslo runda 90 år og Statsarkivet i Kongsberg kunne sjå attende på 10 års verksemd.

Statsarkivet i Oslo vart oppretta den 1. juli 1914. Bakgrunnen var eit uttalt behov frå brukarane, som ynskte at stiftsavdelinga i Riksarkivet vart skild ut som sjølvstendig institusjon. Stiftsavdelinga var den avdelinga som tok hand om flest brukarar på lesesalen. Dermed vart Statsarkivet i Oslo det tredje statsarkivet i landet - eller Stiftsarkivet i Kristiania,

som det heitte den gongen. Området Statsarkivet i Oslo skulle dekka var stort og omfatta dei tre sørlegaste stifta i landet. Det var difor ei naturleg utvikling at det ble skild ut eige statsarkiv for Agder- og Opplandsfylka med høvesvis Hamar Statsarkiv i 1917 og Kristiansand i 1934.

Statsarkivet i Kongsberg vart offisielt opna 18. november 1994. Nok ein gang var det behovet for å ta hand om brukerne på en tilfredsstillande måte som var grunngjevinga. Statsarkivet i Kongsberg har ansvar for områda Buskerud, Vestfold og Telemark, område som tidlegare hørde under Statsarkivet i Oslo.

Arrangement

Institusjonane i etaten markerte Arkivenes dag den 13. november på ulike måtar. Riksarkivet og Statsarkivet i Oslo avgrensa markeringa til ei nettutstilling. Dei kunne på grunn av byggarbeidet ikkje ta imot publikum denne dagen. Statsarkiva rundt om i landet meldte alle om opne hus og eit interessert publikum. Statsarkivet i Kristiansand kopla dagens tema, Transport og kommunikasjon, til eit dagsaktuelt tema: *Om fjærpenn og sms – innbyggerne kommuniserer med*

kommunen.

Det vekte interesse også i grupper vi til vanleg ikkje kjem i kontakt med.

Statsarkivet i Trondheim starta eigne tema-kveldar opne for alle hausten 2004. Første kveld var Lær å skrive med fjærpenn, noko som viste seg å trekke mange interesserte til statsarkivet. Formidlingstiltaket som heilskap var svært vel-lukka, og statsarkivet held fram med tema-kveldar i 2005.

Riksarkivarens internetsatsing

Digitalarkivet er Arkivverkets kanal for å publisere digitalt arkivmateriale i bilet-, tekst- og databaseformat. Målsetjinga er å nå lenger ut til publikum med den mest etterspurde informasjonen. Tenesta vart permanent 1. november 2002. Talet på søk i tenesta er høgt, 50,8 millionar i 2004. Talet på kjelder som vert tilgjengelege i Digitalarkivet held fram å auka. Desse blir supplerte av Digitalpensjonatet, som er ei teneste for einskildpersonar og institusjonar som ynskjer å legge ut materiale dei sjølve har registrert. Ved utgangen av 2004 var det totalt 121 "rom" for desse i Digitalpensjonatet.

Riksarkivaren etablerte eit eige digitaliseringsutval hausten 2004. Oppgåva deira er å assistere Riksarkivaren i å utforme en digitaliseringsstrategi for heile etaten og samordne dei praktiske tiltaka og virkemidla.

Riksarkivaren har sidan omlegginga av Arkivverkets generelle nettsider i 2002 arbeida med vite med å gjere sidene tilgjengelege for alle. I arbeidet har vi lagt vekt på at sidene skal vera lett tilgjengelege, tilpassa brukarane og innehalda nyttig informasjon. Vi er på rett veg: Internetsatsinga i etaten vart evaluert som den tredje beste av 750 offentlege nettstader i kvalitetsevalueringa norge.no gjorde hausten 2004. Resultatet vart offentleggjort i januar 2005.

Riksarkivarens satsing omfattar meir enn generell informasjon og det å gjera arkivmateriale tilgjengeleg. Etaten bruker også Internett til formidling av smakebitar og nettutstillingar. Med stort og smått er over hundre slike formidlings-tiltak tilrettelagde for publikum gjennom Arkivverkets nettsider.

Omorganisering i Riksarkivet

Riksarkivet går inn i 2005 med ny organisasjonsstruktur. Prosessen starta for alvor hausten 2004 og innan utgangen av året var sjølve strukturen klar. Det er primært strukturen i avdelinga som arbeider med nye arkiv som er endra, men også dei andre avdelingane i Riksarkivet er råka. Endringar i oftentleg verksemld må nødvendigvis få følgjer for måten vi arbeider på. Omorganiseringa av Forsvaret medfører til dømes at det ikkje lenger er behov for ei eiga avdeling for forsvarsarkiv (RAFA). Denne avdelinga er difor lagt ned med verknad frå 1. januar 2005.

Formålet med omorganiseringa er å styrke tilsynsarbeidet i etaten og arbeidet med elektroniske arkiv. Dette er gjort ved å etablere eit tydelegare skille mellom arbeidet som skjer med arkiv som alle-reie er tatt imot, og arbeidet som er retta mot organisasjonar som skaper arkiv. I tillegg ynskjer Riksarkivaren å gi arbeidet med bevaring av privatarkiv større merksemd. Også aktivitetar retta mot publikum er styrkt i denne omorganiseringa. Organisasjonskartet i årsmeldinga reflekterer den nye strukturen.



Undervisning

Studietilbodet Arkivakademiet og studietilboda ved Universitetet i Oslo i arkivkunnskap semes- teremne og grunnfag er organisert som samar- beidsprosjekt. Riksarkivaren har det øvste fagle- ge ansvaret og medarbeidrarar i Arkivverket står for det meste av undervisninga.

Arkivakademiet er eit utdanningstilbod som arkivmedarbeidrarar i forvaltinga og i private verk- semder kan gjennomføre ved sidan av sitt ordi- nære arbeid. Det er organisert som ei stifting under Norsk Arkivråd og vert drive i samarbeid med Arkivverket. Våren 2004 vart det uteksam- nert 64 studentar. Eit nytt kull med 64 studen-

tar starta studiane hausten 2004.

Påbyggingseininga i elektronisk arkiv uteksam- nerte 20 studentar, og nytt kull starta på hausten med 20 studentar. Studietilbodet i Arkivakademiet har gjennomgått viktige refor- mar. Eit utval som vart oppnemnd i 2004 skal vurdere utviklinga av Arkivakademiets studietil- bod i framtida.

Ved studietilbod ved Universitetet i Oslo fullfør- te 42 studentar eksamen. Riksarkivaren samar- beidar med Universitetet i Oslo med sikte på å bygge opp eit arkivfagleg mastergradsstadium.



Dokumenta fortel ikkje noko - enno. Dei forsegla delane av arkivet frå Folkerørsla mot EEC, avdeling Bergen og Hordaland. Arkivet er frå perioden 1970-1974. Det er ikkje tilgjengeleg før 1.1.2032. Frå Dokumentene forteller, Statsarkivet i Bergen.

Forsking

Riksarkivaren har sidan 1997 gjennomført eit forskingsprogram innanfor eigne budsjetttrammer. Føremålet er å bygge opp og halde vedlike eit vitskapeleg grunnlag for arkivfaget som det vert undervist i ved Universitetet i Oslo, og å bringa fram ny kunnskap for å løyse Arkivverkets oppgåver og innfri vedtatte målsettjingar. Arkivhistoriske og administrasjonshistoriske framstillingar som er forvaltningsnære og arkivrelevante i form og innretning vert prioriterte. Tradisjonell historisk og samfunnsvitskap-

leg forsking dekkjer ikkje det spesifikke behovet som Arkivverket og andre arkivinstitusjonar har. To forvaltingshistoriske og arkivnære prosjekt er komne godt i gang, og ei ordning med etatsinterne forskningskollokvium er vidareført i tilknyting til stipend- og seminarprogram for arkivarane. Dei personlege forskingsprosjekta til arkivarane er alle godkjent av Forskningsutvalet og har som mål å vere så arkivfaglege som mogleg. Eitt av prosjekta førte fram til dr.philos-graden.

Internasjonalt samarbeid

Arkivverket deltar i internasjonalt samarbeid innanfor rammen International Council on Archives (ICA) trekkjer opp, og på nordisk plan. ICA haldt generalforsamling for 2004 i Wien i samband med den 15. internasjonale arkivkonvensjonen i august. Noreg var godt representert blant deltakarane på kongressen. Etaten er representert i ICAs fagkommitear og seksjonar: Committee on Current Records in an Electronic Environment og Section of Business and Labour archives. Gjennom Forsvarsarkivet er Riksarkivaren representert i Working Group on Military Archives (ICA/MDL) og i NATO Archives committee og i nordisk samarbeid om forsvarsarkiv.

Tilsette i etaten har vore med på ei rekke internasjonale arrangement. Av særleg interesse er deltagninga i DLA-forumet, som er eit ekspertforum EU arrangerer for dei som arbeider med elektroniske arkiv.

Nordisk Arkivakademi er ein arkivfagleg instans med eit fagprogram som vert bestemt av riksarkivarane. Ansvaret for å gjennomføre tiltaka er fordelt på dei einskilde land. Programmet består av seminar og prosjekt. Terminologiprosjekt der Noreg har vore med vart avslutta i 2004. Nytt program for akademiet vart utforma. Det gjeld for perioden 2004-2007.




Arkivverket i tal, 2004:


	Årsverk, faste stillingar 1.1.2004	Tilvekst, hyllemeter	Besøk
Riksarkivet	91,9	2467	
Statsarkivet i Oslo	12	434	9107
Statsarkivet i Hamar	11	336	2510
Statsarkivet i Kongsberg	11,6	360	1991
Statsarkivet i Kristiansand	12	367	1782
Statsarkivet i Stavanger	13	1084	2789
Statsarkivet i Bergen	21	292	3169
Statsarkivet i Trondheim	17	401	4533
Statsarkivet i Tromsø	12	272	1533
Arkivverket	200	6013	27414




Fordeling av personalressursar på hovudmål



Fordeling av utgifter i 2004



Organisasjonskart



Statsarkivet i Tromsø

Breivika
9293 Tromsø
Telefon: 77 64 72 00
Telefaks: 77 64 72 01

Statsarkivet i Trondheim


Høgskoleveien 12
Postboks 2825 Elgesæter
7432 Trondheim
Telefon: 73 88 45 00
Telefaks: 73 88 45 40

Statsarkivet i Bergen

Årstadveien 22
5009 Bergen
Telefon: 55 96 58 00
Telefaks: 55 96 58 01

Statsarkivet i Stavanger

Berglandsgrt. 30
4012 Stavanger
Telefon: 51 50 12 60
Telefaks: 51 50 12 90



Riksarkivet

Folke Bernadottes vei 21
Postboks 4013 Ullevål Stadion
0806 Oslo
Telefon: 22 02 26 00
Telefaks: 22 23 74 89

Statsarkivet i Oslo

Folke Bernadottes vei 21
Postboks 4015 Ullevål Stadion
0806 Oslo
Telefon: 22 02 26 00
Telefaks: 22 23 74 89

Statsarkivet i Hamar

Lille Strandgate 3
Postboks 533
2304 Hamar
Telefon: 62 55 54 40
Telefaks: 62 52 94 48

Statsarkivet i Kongsberg

Frogsvei 44
3611 Kongsberg
Telefon: 32 86 99 00
Telefaks: 32 86 99 10

Statsarkivet i Kristiansand

Märthas vei 1
Serviceboks 402
4604 Kristiansand
Telefon: 38 14 55 00
Telefaks: 38 14 55 01